

19.10.21

## FELLES HØYRINGSSVAR NY KYRKJELEG ORGANISERING FRÅ NORDMØRE IPR OG SUNNMØRE REGIONRÅD

### Bakgrunn for høyringa

Kyrkjerådet har sendt ut høyringsbrev til kommunane den 17.06.21. Saka gjeld ny kyrkjeleg organisering, med fokus på relasjonane lokalt mellom Kyrkja den norske og kommunane.

### Høyingssvar

NIPR og Sunnmøre Regionråd gir her svar på dei konkrete høyringsspørsmåla som kyrkjerådet har bedt kommunane om. I tillegg kan kvar enkelt kommune gi høyringssvar.

### Kva er fordelane og mogleheitene med å etablere kyrkjeleg organ på prostinivå der dette prostifellesrådet skal vere arbeidsgivarorgan for alle dei som arbeidar lokalt?

#### Svar:

Forutan openberre fordeler som at større einingar kan føre til profesjonaliseringa av arbeidsoppgåver, fleire heile stillingsstørrelsar og effektivisering, så trur høyringsorganet at arbeidsgivarstyring på lågaste effektive nivå kan gi auka mogleheit til betre oppgåveløysing lokalt, slik at kyrkjelege tenester vert levert lokalsamfunna med best mogleg kvalitet innafor dei tilgjengelege økonomiske rammene.

### Kva er ulempene og risikoen med å etablere felles kyrkjeleg organ på prostinivå der dette prostifellesrådet skal vere arbeidsgivarorgan for alle dei som arbeidar lokalt?

#### Svar:

Utalet sin rapport peikar på at eit prostifellesråd på lavast mogleg effektive nivå med hensynet i å ivareta arbeidsgivaransvaret, kan det føre til at kyrkjelege fellesråd i mange kommunar vil bli erstatta med kommuneoverskridande fellesråd.

Risikoen kan bli at ein svekker relasjonen mellom kommunen som tilskots- og gravplassmynde og det kyrkjelege organet som vil ha drifts- og vedlikehaldsansvaret for kyrkjebygga, kyrkjeleg aktivitet i lokalsamfunna og i svært mange kommunar der og det operative ansvaret for gravplassane ligg.

Endringa vil ha større konsekvensar i distrikta enn i meir folkerike strøk. Sjølv om distriktskommunane har fleire interkommunale samarbeid, så kan eit kyrkjeleg organ som strekker seg over fleire kommunar gi nye utfordringar.

Ulike økonomiske prioriteringar frå kommunane i prostiområdet vil kunne gi utfordringar i korleis fellesrådet skal disponere inntektene.

**Kva for tiltak kan iverksettast for å redusere eventuelle uheldige konsekvensar av å etablere kommuneoverskridande prostifellesråd?**

Svar:

Budsjettering og dialog med den enkelte kommune må vidareførast og styrkast. Den enkelte kommune sitt finansieringsbidrag bør øyremerkast til investeringar og drift av kyrkjer og gravplassar. På sikt meiner vi at kyrkja bør få tildelt ei ramme til drift i samsvar med talet på innbyggjarar og talet på sokn/kyrkjer i kommunen. Investeringsmidlar må kunne vere øyremerka til prosjekt frå den enkelte kommune.

I tillegg til kommunal representasjon i prostifellesrådet er det viktig å etablere formelle strukturar for direkte dialog mellom kommuneadministrasjon og prostifellesråd.

**Kva for tiltak av dei som er nemnde her meiner kommunane er viktig for å oppretthalde og vidareutvikle ein god relasjon mellom kyrkje og kommune?**

**(For kvart alternativ: Svar på ein skala frå 1-5, der 5 er veldig viktig, medan 1 er heilt uviktig)**

- Vidareføre ein- til- ein-relasjon mellom kommune og prostifellesrådet i samband med budsjettprosessar og anna samarbeid mellom kyrkje og kommune, slik det er i dag mellom kommunane og fellesrådet.
- Skille mellom driftsbudsjett og investeringsbudsjett
- Styrke kyrkja si rolle som samskapingsaktør for kommunane
- Anna; spesifiser



Svar:

Regionråda vil ikkje sette konkrete karakterar på dei ulike tiltaka.

Det er viktig at ein vidareførar ein-ein-relasjon mellom kommune og prostifellesråd i samband med budsjettprosessane og anna samarbeid mellom kyrkje og kommune, slik det er i dag mellom kommune og fellesrådet.

Det er også viktig å hevde at kommunane sine representantar i prostifellesråda ikkje forpliktar eigen eller andre kommunar utan at det ligg vedtak om dette i styrande organ i den enkelte kommune.

**Bør det vere kommunal representasjon i prostifellesråda?**

- Ja, med full stemmerett
- Ja, men avgrensa stemmerett
- Ja, tale- og forslagsrett
- Nei

Svar:

Ved innføring av ny lov om tru - og livssynssamfunn skal det religiøse sjølvstyret vidareførast og bindinga mellom kyrkje og det offentlege vert bygd ned.

Det er trussamfunna sin rett å ha sjølvstyre i saker som omhandlar det indre liv i trussamfunnet.

Kommunen sin representant bør ha stemmeretten avgrensa til saker der kommunen har eit lovbestemt ansvar.

**Ny prostistruktur**

**I kva grad meiner kommunane at utvalet har peika på dei relevante omsyna som det bør leggast vekt på ved fastsetting av nye prostigrenser.**

**Svar på ein skala frå 1-5 der 5 er veldig viktig, medan 1 er lite viktig.**

- 1) Medlemsstørrelse
- 2) Geografisk størrelse
- 3) Identitet/naturleg område
- 4) Antal sokn
- 5) Antal kommunar
- 6) Antal prosti i bispedømet
- 7) Kjente strukturer i kyrkja og samfunnet
- 8) Andre omsyn (Ivaretaking av samisk kyrkjeliv, storbyane nyleg samanslårte kommunar)

Svar:

Generelt meiner vi at utvalet sine ulike omsyn er absolutt relevante. Identitet/naturleg område er viktig, likeins geografisk størrelse samt at prostistruktur/størrelse må vurderast.

Dette vil ha innverknad på opplevinga av at ikkje avstanden skal bli større mellom kyrkja og lokalsamfunna, enn kva som er tilfelle i dag.

**Er det andre omsyn som bør vektleggast?**

Svar:

Utvalet peikar sjølv på at finansieringsutfordringane i offentleg sektor vil auke i åra framover.

Kyrkja den norske bør vektlegge at prostifellesråda skal tiltrekke seg relevant kompetanse gjennom å framstå som attraktive og profesjonelle arbeidsgivarar med eit utviklande arbeidsmiljø, samtidig som det skal vere høg kostnadseffektivitet i organisasjonen.

Styrke lokaldemokratiet ved at organisasjonen sikrar lokal forankring ved større samskapning med sokneråda.

**Har kommunane positive erfaringar på innretning av interkommunalt samarbeid, særleg når det gjeld talet på deltagande kommunar, geografiske avstandar eller anna som kyrkja bør ta med i vurderinga av kva som kan vere hensiktsmessig prostistruktur?**

Svar:

Forsking viser at kommunane er stort sett fornøgd med det interkommunale samarbeidet, og at dette er nødvendig for å kunne tilby tenester med både god kvalitet og høg kostnadseffektivitet.



Prostifellesråda skal vere eit tenesteorgan for kyrkje den norske lokalt. Hovuddelen av finansieringa kjem frå kommunane. For å sikre at den lokale forankringa vert verande så sterkt som mogleg sjølv i tilfelle der rådet dekker mange menigheter og fleire kommunar er det viktig at det vert arbeidd godt med strukturar for å bygge og vedlikehalde relasjonar mellom kyrkja og kommune.

På vegne av Nordmøre IPR og Sunnmøre Regionråd IKS

Ellen Engdahl  
Daglig leder

Jan Kåre Aurdal  
Daglig leder